
Fra: Anne-Kjersti Stavø Stenehjem
Sendt: 28. april 2017 14:46
Til: Astrid Lernes
Kopi: Erlend Haugen Herstad
Emne: Uttale frå fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne - til økonomiplan 2018 - 2021

Oppfølgingsflagg: Følg opp
Status for flagg: Flagget

Hei!

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok fylgjande uttale i møte 24. april, til økonomiplanen 2018 – 2021:

Dette gir følgjande VEDTAK:

- *Vidaregåande opplæring - unngå segregerte tilbod i vidaregåande opplæring, slik at alle vert inkludert. Ivareta og legge til rette for alle i vidaregåande opplæring, slik at det vert ei inkluderande og likeverdig opplæring for alle. Retten til opplæringsperiode må vere likt praktisert hos alle dei vidaregåande skulane.*
- *Folkehelsearbeidet – det skal vere eit tilbod for alle*
- *Prioritere ungdom, barn og opplæring, slik at kostnadskutta ikkje rammar desse gruppene*
- *Når det vert tildelt midlar frå fylkeskommunen bør det så langs som råd leggst til rette for at kulturarrangementa skal vere tilrettelagte for menneske med nedsett funksjonsevne*
- *Fylkeskommunen må strekke seg langt for at universell utforming er gjennomført slik at kollektive transportordningar, busshaldeplassar og kaier, faktisk og i praksis, er tilgjengelege for menneske med nedsett funksjonsevne*

For detaljert informasjon kan leiar for fylkesrådet; Erlend Haugen Herstad, kontaktast.

Med helsing
Anne-Kjersti Stavø Stenehjem
rådgjevar, fylkesrådmannen - stab
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2, 6863 Leikanger
www.sfj.no | Anne-Kjersti.Stenehjem@sfj.no
sentralbord: +47 57638000 | mob: +47 95725658